Til: Sunnfjord kommune
Saksnr. 25/8813 – Detaljregulering Nye Førde omsorgssenter

Merknad frå naboar i Elstervegen – varsel om oppstart av planarbeid

Vi viser til varsel om oppstart av detaljregulering for Nye Førde omsorgssenter, datert 11.02.2026.

Vi som bur i Elstervegen ynskjer innleiingsvis å understreke at vi støttar behovet for framtidsretta omsorgstenester i kommunen. Samstundes er vi opptekne av at utbygging skjer på ein måte som tek nødvendige omsyn til eksisterande bumiljø, trafikktryggleik, kulturmiljø og infrastruktur i området.

Vi ynskjer difor å kome med følgjande innspel til det vidare planarbeidet:

Trafikkforhold og tryggleik for mjuke trafikantar
Elstervegen fungerer i dag som ein viktig gangveg som knyt Kyrkjevegen til Førdehuset, og har historisk vore ein etablert skuleveg for barn. Med flytting av ny barneskule til FUSK- tomta vil denne vegen truleg vere skuleveg også i framtida.

Sykkelveg manglar i Elstervegen. Det er ikkje gjennomgåande sykkelveg frå Kyrkjevegen til gangveg v/Førdehuset.

Gata er i dag einvegskøyrd, noko som har bidrege til redusert trafikkmengd og betre trafikktryggleik. Denne trafikkreguleringa har vore eit viktig tiltak for å sikre mjuke trafikkantar samt eit roleg og trygt bumiljø.

Eit omsorgssenter vil auke trafikken gjennom:

- Døgndrift med tilsette i turnus og vaktskifte
- Besøkande
- Varelevering og anna service- og driftstrafikk

Vi ber difor om at det i planarbeidet vert gjennomført ei grundig vurdering av:

- Behov for komplett gang- og sykkelveg.
- Trafikkmengd og trafikkavvikling
- Konsekvensar for trafikktryggleik i Elstervegen og korleis ein kan oppretthalde eit trygt trafikkmiljø for mjuke trafikantar.

Forslag:

- Varelevering og servicekøyring bør leggast i området mot kyrkja for å avgrense støy mot eksisterande bustadområdet og hagebyen. Her er det allereie ein stor parkeringsplass tilknytt Kyrkja, som kan utvidast noko.
- Det bør regulerast for parkeringskjellar for å unngå eit for stort inngripen i område.

Kulturmiljø og arkitektonisk tilpassing
Elstervegen er ei av dei eldste gatene i Førde sentrum og knyter seg til det eldste sentrumsområdet i Førde. Området ligg i nærleiken av viktige kulturhistoriske bygningar og område som Førde kyrkje, Gamlebanken og «Hagebyen». Dette er eit område som er omtalt i kommunen sin kulturminneplan som eit område med særskilde kvalitetar.

Det er eit ynskje for oss som naboar at utbygginga vert tilpassa kulturmiljøet og vektlegg:

- Avgrensa bygningshøgde og volum.
  - Det må leggast inn avgrensing på byggehøgde i den nye reguleringsplanen, her føresler vi at det leggast same krav som i reguleringsplanen for noverande omsorgsbustader. *Byggjehøgde: maks. 2 etasjar + underetasje. Maks takhøgd er sett til kote + 14,0 m.o.h*
- Materialbruk og formspråk som harmonerer med området
- Bevaring og utvikling av grøne strukturar og uteområde.
- Bygningane må formgjevast med omtanke for byggeskikk og tilpassing til landskap og grannebygg
- Grøntområde som overgangssone mot Elstervegen/Hagebyen.

Oppsummert bør det vurderast om heile tomta skal nyttast til omsorgsføremål. Vi stiller difor spørsmål om ein kan regulere deler av tomta til park og grøntområde? Vi manglar grøne lunger i sentrum, og no er kommunen i posisjon til å legge inn eit slikt området som vil vere tilgjengeleg for bebuarane i omsorgsheimen, samt øvrige innbyggjarar i kommunen.

Støy, lys og tekniske installasjonar
Det er viktig at driftsrelaterte funksjonar vert plasserte og utforma slik at dei i minst mogleg grad belastar nærliggande bustader.

Dette gjeld mellom anna:

- ventilasjonsanlegg og tekniske installasjonar
- avfallshandtering
- utandørs belysning og lysforureining
- innsyn mot private eigedomar.

Bumiljø og trivsel
Elstervegen er i dag ei roleg bustadgate med gode kvalitetar for oss som bur her. Det er viktig at ei eventuell utbygging ikkje forringar desse kvalitetane.

Vi oppmodar difor kommunen om å:

- Ta vare på eksisterande grøne strukturar
- Legge til rette for ytterlegare grøne lunger og gode uteområde
- Sikre god avstand og tilpassing mot eksisterande bustader.

Ved flytting av barneskulen vil ein attraktiv møteplass for nærområdet forsvinne. Skulen, og dermed skuleborna, blir flytta for å gi plass til den ny omsorgsheim. Det bør difor vurderast om ein kan etablere ein leikeplass på tomta, slik at born framleis får ein naturleg plass i sentrum av Førde. Dette kan til dømes etablerast som ei utviding av eksisterande grøntområde ved gangveg i Elstervegen.

Infrastruktur
Det har tidlegare vore utfordringar i området med tette kummar og overflatevatn som har ført til vassinntrenging i bustadar i Elstervegen. Dette gjer at vi stiller spørsmål ved om eksisterande infrastruktur er tilstrekkeleg dimensjonert for ny utbygging. Vi ber difor om at reguleringsarbeidet vurderer kapasitet i vatn- og avløpssystemet, samt løysingar for handtering av overflatevatn.

Avslutning
Vi ønskjer ein god og open dialog med kommunen i det vidare planarbeidet. Vårt mål er at ei utbygging kan gjennomførast på ein måte som både tar omsyn til behovet for omsorgstenester, men også sikrar eit framtidig trygt, godt og attraktivt bumiljø i området.

Vi ber om at våre innspel vert tekne med i det vidare arbeidet med reguleringsplanen, og ser fram til eit ryddig samarbeid i den vidare prosessen om nytt omsorgssenter.

Med venleg helsing
Lillian Loen
Lillian Loen
på vegner av naboar i Elstervegen

Namn	Adresse	Signatur	Dato
Mona Masdal *	Elstervegen 4	Mona Masdal Øksendal	11.03.26
Roar Øksendal	Elstervegen 4	Roar Øksendal	11.03.26
Espen Vasseth	Elstervegen 2	Espen Vasseth	11.03.26
Marie Bygstad Vie	Elstervegen 2	Marie B Vie	11.03.26
Thor Erik Nygård	Elstervegen 6	Thor Erik Nygård	11.03.26
Lillian Loen	Elstervegen 6	Lillian Loen	11.03.26

* Mona Masdal Øksendal